

Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Aukra kommune, Møre og Romsdal.

Fastsatt av Aukra kommune i møte den 17.10.2013 K-sak 76/13, med hjemmel i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (Forurensningsloven) § 9, jfr. Miljødepartementets delegeringsvedtak 19. juli 2001 nr. 1706.

§ 1. Formål

Formålet med denne forskrifta er å forhindre forureining og helseproblem i kommunen som følge av open brenning og brenning av avfall i småomnar.

§ 2. Virkeområde

Denne forskrifta gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar innafør kommunens grenser.

§ 3. Definisjonar

Med *open brenning* meinest all brenning som skjer utandørs.

Med *småomnar* meinest forbrenningsomnar som destruerer avfall og som ikkje har løyve frå Statens forurensningstilsyn, fylkesmannen eller er tillat, etter statlige forskrifter etter forureiningsloven.

§ 4. Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar

Open brenning, brenning av avfall i småomnar og eldstader i hus er forbode, med mindre anna følgjer av forskriftas § 5.

Forskrift datert 26. juni 2002 nr. 847 om brannforebyggende tiltak og tilsyn, § 8-2, gir eit generelt forbod mot open eld i eller i nærleiken av skogsmark i perioden 15. april til 15. september utan godkjenning frå brannsjefen.

§ 5. Unntak frå forbodet

Følgjande brenning skal likevel vere tillat:

- Open brenning på grillinnretningar, utepeisar og kaffibål.
- Brenning av avfallstrevirke i eldstad i hus med unntak av impregnert trevirke.
- Sankthansbål av avfallstrevirke med unntak av impregnert trevirke. Bålplass skal godkjennast av brannsjefen.
- Ranke- og flatebrenning i skogbruket.
- Halmbrenning i jordbruket.
- Brannøvingar i regi av Aukra brann og redning, eller anna offentlig etat.

§ 6. Dispensasjon

Aukra kommune v/rådmannen kan i særlege tilfelle dispensere frå forbodet i § 4 etter søknad.

§ 7. Tilsyn

Aukra kommune v/rådmannen fører tilsyn med at reglane i denne forskrifta vert fylgt.

§ 8. Klage

Vedtak i medhald av denne forskrift kan påklagast til formannskapet som klagenemnd.

§ 9. Straff

Brot på forskrift kan medføre straffeansvar jf. Forurensningsloven § 78.

§ 10. Ikrafttreden

Denne forskrift trer i kraft 17.10.2013.